

Miljøprisen 2014, ref:2014/23638

Eg ynskjer å nominere Hordaland Natur og Ungdom til Miljøprisen for Hordaland 2014. Natur og Ungdom er Naturvernforbundets sjølvstendige ungdomsorganisasjon. Hordaland Natur og Ungdom er over 700 medlemmar og har fem lokallag i fylket. Hordaland Natur og Ungdom jobbar utrøyttleg for å sette fokus på klima- og miljøvernssaker, og for å gjere ungdom meir interessert og engasjert i miljøspørsmål. Alt arbeidet er i hovudsak gjort på heilt frivillig basis av ungdommar mellom 13 og 20 år.

Ein sers viktig del av arbeidet består i å besøke ungdoms- og vidaregåande skuler og halde eit foredrag om klima og miljø. Dette foredraget er utarbeida i samarbeid med Naturvernforbundet og Utdanningsforbundet. Gjennom desse foredraga snakkar ungdom til ungdom om ein av vår tids største utfordring på ein engasjerande og lettfattelig måte. Skal man løyse klimakrisa er kunnskap og merksemd rundt saka første steg på vegen.

Hordaland Natur og Ungdom har ikkje berre skolering i klima- og miljøproblem for elever, men også for medlemmer gjennom diverse arrangement. Det vært arrangert ulike seminar som kan anten vare ein dag eller ein helg, og det blir henta inn foredragshaldarar som fortel om forskjellige miljørelaterte tema.

Det er også mykje anna aktivitet i Hordaland Natur og Ungdom. I vår hadde dei eit større samarbeid med fleire ungdomsparti (Bergen AUF, Bergen KrFU, Bergen Unge Venstre, Bergen Sosialistisk Ungdom og Bergen Grøn Ungdom) om Bergens giftige byluft vinterstid. Dei møttest fleire gonger for å diskutere tiltak til korleis bylufta kan forbetrast. Samarbeidet førte blant anna til ein felles uttale for rushtidsavgift i Bergen.

Hordaland Natur og Ungdom drives av svært unge og engasjerte menneske. Her er det mykje fritid som blir via til formidling av miljøbodskapen og aksjonering for ein meir berekraftig framtid.